

# Forskrift om lovfesta feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg, Fjord kommune, Møre og Romsdal

**Heimel:** Fastsett av Fjord kommunestyre 19. november 2019 med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåver (brann og eksplosjonsvernlova) § 28 og forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 17.

## § 1. Formål

Forskrifta har som formål å regulere gjennomføring av feiing og tilsyn av fyringsanlegg, slik at sannsynet for at brann skal oppstå i fyringsanlegg og røykløp vert redusert så mykje som mogleg. Forskrifta skal regulere gebyrordninga for feiing og tilsyn til kommunen samt tilleggstenester innan brannforebygging.

## § 2. Verkeområde

Den lokale forskrifta gjeld feiing og tilsyn av alle fyringsanlegg i brannobjekt i Fjord kommune.

## § 3. Definisjonar

I denne forskrifta tyder:

- a) **Brannobjekt:** bustader, fritidsbustader, verksemd, konstruksjonar, anlegg m.m. der brann kan oppstå og true liv, helse og materielle verdiar.
- b) **Brukar:** den som i eigenskap av eigar eller i høve avtale med eigar har bruksrett og nyttar seg av denne retten.
- c) **Eigar:** den som har grunnboksheimel til eit brannobjekt.
- d) **Feiing:** reingjering av røykkanalar og uttak av sot.
- e) **Fritidsbustad:** Byggverk som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen. I tvilstilfelle avgjer kommunen kva som skal reknast som fritidsbustad.
- f) **Matesystem:** anlegg for tilførsel av fast eller flytande brensel.
- g) **Fyringsanlegg:** omn, sentralvarmekjele eller varmluftkjele der varme skal verte produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusiv røykanal og matesystem for brensel.
- h) **Matesystem:** anlegg for tilførsel av fast eller flytande brensel.
- i) **Røykanal:** kanal for transport av røykgassar til friluft, røykrør og skorstein.
- j) **Skorstein:** vertikal del av fyringsanlegget og kan innehalde fleire røykkanalar.
- k) **Tilsyn:** kontroll med at fyringsanlegget er intakt, fungera som føresett og er tilfredsstillande sikra mot brann og anna skade. Feiar/tilsynsperson kan også få oppgåver som å kontrollere at det i brannobjekt er deteksjon (røykvarslar), sløkkeutstyr og tilfredsstillande mogelegheit for rømning ved brann.

## § 4. Gebyr

Gebyret skal dekkje kommunens utgifter ved levering av feie- og tilsynstenesta.

Gebyret skal være årleg og gebyrsatsane blir fastsett kvart år av kommunestyret og kjem fram av gebyrregulativet. Gebyrplikten er ikkje knytt opp mot tidspunktet for feiing eller tilsyn.

Gebyret vert sett likt for kvar røykkanal. Kommunen kan differensiere gebyra mellom ulike abonnentgrupper. Prisstruktur kjem fram av gebyrregulativet.

Dersom det ikkje er køyrbar veg fram til brannobjektet kan abonnenten belastast eit tillegg i det ordinære gebyret. Tillegget kjem fram av gebyrregulativet.

Gebyr kan krevjast inn sjølv om feiing og tilsyn ikkje er utført i følgjande tilfelle:

- Feiaren finn ved inspeksjon av røykkanalar at feiing ikkje er naudsynt.

- Feiaren har etter varsel og ved oppmøte til fastsett tid, ikkje har tilfredsstillande tilgang til fyringsanlegget.

Krav på gebyr etter §28 i brann- og eksplosjonsvernlova er tvangsgrunnlag for utlegg og krevjast inn av skatteoppkrevjaren etter reglene for innkrevjing av skatt.

### **§ 5. Plikter hjå huseigar og brukar**

Huseigar pliktar å melde frå til kommunen dersom fyringsanlegg/eldstad vert installert eller det vert gjort vesentlege endringar, vert tilkopa att eller blending av skorstein skal fjernast.

Det er eigar sitt ansvar å halde fyringsanlegget i orden til ei kvar tid. Eigar skal, etter varsel om feiing, syte for at heile fyringsanlegget er tilgjengeleg for feiing, samt utstyrt og innretta slik at feiing kan verte utført på ein tilfredsstillande måte.

Eigar av bygning der feiing vert utført frå tak, skal syte for at feiaren har tilfredsstillande tilkomst opp til og på taket. Eigar er pliktig til å syte for at føreskriven stige opp til tak er lagt fram tett attmed takstige og tilgjengeleg for feiar. Føreskriven takstige eller trinn skal festast i samsvar med forskrift. Tilkomst til tak skal sikrast mot utskliing.

Der feiing ikkje skjer frå tak, skal eigar/representant syte for at feiar har tilfredsstillande tilkomst til røykløp, dette kan vere feieluke på loft.

Ved innvendig tilkomst for feiing skal eigar/representant vere til stades under feiing.

Eigar må gi beskjed innan fastsett frist om utsetjing av feiing eller tilsyn. Fristen kjem fram av gebyrregulativet.

### **§ 6. Plikter hjå kommunen**

Kommunen skal sørge for feiing av fyringsanlegg etter behov. Feiing skal vere utført så ofte som naudsynt for å hindre brann eller andre skader. I utgangspunktet skal det enkelte fyringsanlegget verte vurdert med omsyn til kor hyppig det er naudsynt å feie. Brannsjefen fastset kor ofte feiing skal gjennomførast på grunnlag av erfaring frå tidlegare gjennomført tilsyn, feiing, tilstand til fyringsanlegget, omfang og art.

Normalt skal feiing vere utført annan kvart år og minst kvart fjerde år for bustader. For fritidsbustader og hytter skal feiing vere utført kvart fjerde år.

Feiing skal utførast på ein fagleg tilfredsstillande måte med minst mogeleg ulempe for dei som bur der. Etter avslutta feiing skal feiaren syte for at sot vert fjerna, enten av feiaren sjølv eller av byggeigar/representant og deponert på eigna stad.

Kommunen skal sørge for tilsyn med fyringsanlegg etter behov. Tilsyn med fyringsanlegg skal utførast etter behov, normalt med ein frekvens på kvart fjerde år. Etter brannsjefen si vurdering kan det gjevast tilbod om at tilsyn vert gjennomført som eigenmelding.

Feiaren skal under feiing og tilsyn vurdere forhold ved fyringsanlegget som har innverknad for branntryggleiken eller tilkomst. Ved avvik som ikkje kan rettast på staden, skal feiaren gje skriftleg attendemelding til eigaren med frist for retting eller attendemelding om når retting blir gjennomført.

Dersom retting ikkje blir gjennomført, skal tilsynsmyndet gje naudsynte pålegg.

Etter brann eller eksplosjon i eller i tilknytning til fyringsanlegg, skal kommunen sørge for at det blir ført tilsyn med fyringsanlegget i etterkant.

Kommunens frist for å varsle om tilsyn og/eller feiing kjem fram av gebyrregulativet.

### **§ 7. Gebyrfritak**

Kommunen kan etter søknad gje fritak frå å betale gebyr i følgjande tilfelle:

- Bygninga har ikkje montert fyringsanlegg
- Fyringsanlegget er fråkopla og skorsteinen er blenda.

Før fritak vert gjeve skal feiar ha godkjent søknaden.

Om huseigar/brukar let vere å melde installasjon/tilkopling av eldstad/fyringsanlegg eller fjerning av blending, kan kommunen krevje gebyr etterbetalt frå det tidspunktet fritaket vart gjeve.

### **§ 8. Andre tenester**

Eigar av fyringsanlegg som ønskjer feiing eller tilsyn utanom det lovpålagte, fjerning av beksot, inspeksjon av skorstein eller liknande, må sjølv ta kontakt med feiarvesenet i kommunen og avtale dette. Dette vert utført mot eige gebyr.

### **§ 9. Klage**

Vedtak gjort av lokalt tilsynsmynde i medhald av denne forskrifta kan klagast på til Fjord kommune; klaga skal vere skriftleg.

Sakshandsaming ved klage følgjer regelverk gjeve i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova og lov om behandlingssaker (forvaltningslova).

### **§ 10. Handheving og sanksjonar**

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal finne stad i samsvar med kapittel 7 i brann- og eksplosjonsvernlova.

### **§ 11. Ikraftsetjing**

Denne forskrifta vert sett i kraft 01.01.2020.  
ft 01.01.2020.